



Saksbehandlar: Adrian Husabø Bjørseth, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 17/8506-22

## Kommunale næringsfond - tildeling 2018

### Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Balestrand kommune får midlar til kommunalt næringsfond for 2018 sjølv om dei er over grensa for inntekter frå konsesjonsavgift på 2 mill. kr. Grunnen er at kommunen så vidt overstig grensa, og spranget opp til neste kommune med meir inntekter enn Balestrand er svært stort.
2. Kvar av kommunane Eid, Selje, Førde, Gaular, Jølster, Naustdal, Gulen, Sogndal og Leikanger får eit stimuleringstilskot på kr. 70 000 for felles førstelineteneste.  
Kommunane Førde, Gaular, Jølster, Naustdal, Sogndal og Leikanger får kr. 70 000 i stimuleringstilskot for felles næringsfond. Kommunane Eid og Selje får kr. 23 333 for felles næringsfond.
3. Følgjande kommunar får tilskot til kommunalt næringsfond for 2018, som vert tildelt i denne saka (inkludert stimuleringstilskota):

<b>Kommune</b>	<b>Totalt tilskot 2018</b>
Askvoll	386 165
Balestrand	315 779
Eid	600 927
Fjaler	378 151
Flora	739 318
Førde	923 176
Gaular	523 915
Gloppen	497 014
Gulen	428 413
Hornindal	312 503
Hyllestad	320 516
Jølster	525 376
Leikanger	498 413
Naustdal	517 283
Selje	469 037
Sogndal	723 348
Solund	297 305
Stryn	550 543
Vågsøy	502 817
<b>Totalt</b>	<b>9 510 000</b>

4. Flora, Gloppen, Leikanger og Sogndal må levere politisk handsama rapport før midlane kan betalast ut.

5. Kommunane må rette seg etter notat om rolledeeling i finansieringssaker, vedtekne kapitalgrenser og gjeldande regelverk. Fylkesdirektøren får fullmakt til å gje utfyllende presiseringar i tilskotsbrev.
6. Midlane vert dekka av 9,510 mill. kr. avsett til kommunale næringsfond i budsjett 2018, tenesteområde 7015 – Nyskaping.

**Vedlegg:**

1. Retningsliner for kommunale næringsfond (Sogn og Fjordane) gjeldande frå 2018
2. Retningsliner for arbeidsdeling i finansieringssaker, gjeldande frå 31.01.2017
3. NVE si oversikt over inntekter frå konsesjonsavgifter for 2017
4. Vedtekter kommunalt næringsfond for Eid og Selje
5. Søknad frå Balestrand kommune om stimuleringstilskot datert 20.02.2018

**Andre relevante dokument i saka:**

Innsendte årsrapportar frå kommunane

Kommunane sine rapportar gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no)

Retningsliner for regionale utviklingsmidlar frå KMD

Forskrift for regionale utviklingsmidlar frå KMD

Tilskot for regionale utviklingsmidlar frå KMD

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Fylkeskommunen tildeler midlar til kommunale næringsfond i Sogn og Fjordane. Midlane skal hjelpe kommunane til å vere gode støttespelarar for etablerarar og lokalt næringsliv.

I denne saka gjer vi framlegg om fordeling av midlar til kommunale næringsfond på bakgrunn av kommunane si rapportering på bruken av midlane i 2017, og oppfylling av dei krav som er sett. Vi gjer og framlegg om tildeling av stimuleringstilskot til kommunar som kan dokumentere felles førstelineteneste med andre kommunar, eller felles næringsfond for fleire kommunar.

Mange kommunar jobbar godt med næringsfonda. Vi har ikkje sett bruk som klart er i strid med retningslinene, men det kan vere potensial for betre bruk av midlane i nokre tilfelle.

Kommunal næringsutvikling er eit viktig satsingsområde også framover. Det er viktig å jobbe godt med forvaltninga av næringsfonda og framleis auke kvaliteten på bruken. Dette vert teke opp på kurs og samlingar. Generelt har vi ei oppfatning av at bruken stadig har blitt betre dei seinare åra.

Nytt av året er at Nordfjord Vekst AS og HAFS Utvikling AS er avvikla. Eid og Selje inngår nytt samarbeid om felles førstelineteneste med Næringshagane i Nordfjord som operatør.

Balestrand var i 2017 over grensa for å få tilført midlar til kommunalt næringsfond som er inntekter frå konsesjonsavgift på under 2 mill. kr. Kommunen har inntekter som berre er kr. 19 000 over grensa og avstanden opp til kommunen som ligg over på lista over inntekter er over 3 mill. kr. Vi rår difor til at Balestrand får påfyll av midlar frå kommunale næringsfond.

## 2. Bakgrunn

### 2.1 Bakgrunn for at saka er reist – budsjett

Fylkestinget sette i sak 59/17 Budsjett 2018 / økonomiplan 2018-2021 av kr. 9,510 mill. til kommunale næringsfond i 2018. Dette er kr. 1,490 mill. mindre enn i 2017.

Hovudutvalet fordeler i denne saka løyvinga mellom kommunane i tråd med gjeldande retningsliner.

### 2.2 Tidlegare vedtak – føringar for næringsfond i Sogn og Fjordane

*Gjeldande retningsliner:*

Hovudutvalet vedtok i sak 64/17 endringar i retningsliner for kommunale næringsfond. I dette vedtaket vart satsane for stimuleringstilskot til felles førstelineteneste og felles fond justert ned frå 100.000 til 70.000. Det vart og opna for å redusere tilskot til kommunar med mykje unytta midlar frå tidligare år.

*Rolledeling i finansieringssaker*

Det er i samband med oppdragsbrevet til Innovasjon Norge utarbeidt eit notat med klargjering av rolledelinga mellom Innovasjon Norge, fylkeskommunen og kommunane. Notatet ligg ved. Eitt viktig poeng her er at prosjekt berre i særskilte tilfelle kan få finansiering både frå fylkeskommunen og kommunale næringsfond.

### 2.3 Krav frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Tilskota til kommunale næringsfond vert dekt av regionale utviklingsmidlar frå kapittel 550 post 64 «Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særlege distriktsutfordringar». Det er Kommunal og moderniseringsdepartementet som tildelar dei regionale utviklingsmidlane.

Bruken av midlane er regulert i «forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler», «Retningslinjer for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler» samt «Retningslinjer for tildeling av midlar til kommunale næringsfond, gjeldande frå 2018». Retningslinene og forskrift gjeld for forvaltinga av kommunale næringsfond på same måte som dei gjeld for fylkeskommunen sin bruk av midlar.

I tillegg til forskrift og retningsliner gjeld og regelverk for innkjøp og statsstøtte.

## 3. Oppfylling av krav og kommunane si rapportering for 2017

Vi går kort gjennom kommunane si rapportering på minstekrava.

### 3.1 Retningsliner, næringsapparat og strategi for næringsutvikling

Kommunane skal gjennom rapport til fylkeskommunen vurdere eigne retningsliner, næringsapparat og strategi for næringsutvikling. Vi har gått gjennom rapportane frå kommunane, men vi har ikkje hatt ein stor gjennomgang der vi ser på alle retningsliner og planar.

Det vi ser i år er at nokre kommunar har veldig gode vurderingar knytt til retningsliner, næringsapparat og strategi for næringsutvikling, men det er fleire kommunar som ikkje har gjort denne jobben i det heile, og berre har lagt fram tildelingane til politisk handsaming. Såleis er det ein del kommunar som ikkje har oppfylt krava til årsrapport og strengt tatt ikkje fyller krava til å få påfyll av næringsfondet for 2018.

Fylkesdirektøren meiner vi skal godkjenne alle årsrapportar for 2017.

### 3.2 Årsrapport

Kommunane skal kvart år utarbeide ein årsrapport til fylkeskommunen om næringsutviklingsarbeidet. Kommunane skal også rapportere direkte til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) gjennom regionalforvaltning.no.

Alle kommunar har levert rapport i regionalforvaltning. Vi rår til at det på bakgrunn av rapportering vert løyvd midlar til alle kommunane, men at midlane ikkje kan utbetalast før godkjend rapport ligg føre.

## 4. Bruken av midlar i 2017 – er han i tråd med retningslinene?

Vi har gått gjennom rapportane frå kommunane. Vi har ikkje gått djupt inn i sakene, men har sett etter saker der det er tydeleg at det er klare brot på regelverket. Vi har ikkje sett større saker vi

meiner vi må undersøkje nærmere som klare brot på retningslinene, men vi ser saker der vi kan forbetre bruken av midlar gjennom kurs, nettverk og dialog. Kommunal- og moderniseringsdepartementet går også gjennom rapportane og tek stikkprøver.

For å seie noko om effekten av tilskota måtte vi ha gjort ei grundig evaluering. Vi merkar oss likevel at det generelt blir gitt meir bedriftsretta tilskot no enn tidlegare, noko som er i tråd med føringane. Vår oppfatning er også at det er stor variasjon mellom kommunane, nokre kommunar har mange tilskot til både nyetablerarar og eksisterande verksemder, medan andre har få bedriftstilskot. Dette kan ha mange årsaker, mellom anna søknadstilfang, næringsstruktur, kvaliteten på nærings- og mobiliseringsarbeidet i kommunen, og prioriteringane mellom søknadane.

Vi vil halde fram med dialog om bruken, og vi vil jobbe saman med Innovasjon Norge om kompetanseheving. Innovasjon Norge har også ein rettleiingsfunksjon ovanfor kommunane.

## 5. Kriterium for fordeling mellom kommunane

### 5.1 Storleik på konsesjonsavgift

Det er storleiken på inntekter knytt til konsesjonsavgifta som bestemmer om ein kommune får midlar til kommunale næringsfond. Grensa er satt til 2 mill. kr. og alle kommunar som har lågare konsesjonsavgiftsinntekter vert automatisk med i ordninga.

I følgje oversikt frå NVE i vedlegg 3 er det 18 kommunar som har mindre enn 2 mill. kr. i konsesjonsavgiftsinntekter.

Som i fjar ligg Balestrand rett over grensa med 2,019 mill. kr. Fordelinga av konsesjonsavgifta mellom kommunane har ikkje endra seg vesentleg, og det er fortsatt langt opp til neste kommune (Bremanger 5,080 mill. kr.). Vi rår difor at Balestrand også i år vert tildelt midlar til kommunale næringsfond.

### 5.2 Fordelingskriterium

Løyvinga til kommunale næringsfond er todelt. Ein del vert gitt som stimulerungstilskot til kommunar som kan dokumentere felles førstelineteneste og/eller felles fond. 60 % av dei resterande midlane vert så fordelt likt mellom kommunane, og 40 % vert fordelt etter folketal.

I sak 64/17 vedtok hovudutvalet å redusere satsane for stimulerungstilskot til felles førstelineteneste og felles fond frå kr. 100 000 til kr. 70 000.

## 6. Søknadar om stimulerungstilskot for 2018

### 6.1 Møglegheit til å søkje om stimulerungstilskot

Kommunar som kan dokumentere at dei har ei felles førstelineteneste med andre kommunar kan få inntil kr. 70 000 i stimulerungstilskot kvar.

Kommunar som har felles næringsfond kan få inntil kr. 70 000 kvar i stimulerungstilskot. For å få full utteljing vert det føresett at alle fondsmidlar vert lagt inn i eit felles fond. Det er høve til å etablere regionale fond også over fylkesgrensene.

Alle kommunane i fylket kan få stimulerungstilskot.

### 6.2 Tilskot til felles førstelineteneste

Stimulerungstilskot til felles førstelineteneste oppmodar kommunane til å etablere samarbeid over kommunegrensene. Tanken er at ein ved å samle førstelinetenesta for fleire kommunar vil danne større fagmiljø og såleis kunne levere betre tenester til dei aktuelle bedriftene.

I løpet av 2017 vart to slike samarbeid avvikla. Desse to er Nordfjord Vekst AS (Eid, Selje og Vågsøy) og HAFS Utvikling AS (Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund). Eid og Selje har gått saman igjen frå 1. januar 2018 med Næringshagane i Nordfjord og søker på nytt om stimulerungstilskot for felles førstelineteneste. Fylkesdirektøren meiner kommunane oppfyller krava og rår til at Eid og Selje får eit stimulerungstilskot på kr. 70 000 kvar for felles førstelineteneste. Kravet er som for dei andre kommunane at avtalen er i tråd med innkjøpsregelverket og at det vert kommunisert klart til etablerarar og verksemder kven som er førstelineteneste.

Balestrand kommune har levert søknad om stimuleringstilskot til felles førstelineteneste på bakgrunn av ein intensjonsavtale med Sogn Nærings AS. Det er ikkje snakk om ei formell samanslåing/integrering då dei ventar på resultata frå prosjektet «Næringsvennleg region». Fylkesdirektøren stiller seg positivt til samarbeidet, men kan ikkje sjå at samarbeidet oppfyller dei formelle krava og tilrår difor ikkje å gi stimuleringstilskot til Balestrand Kommune.

Fylkesdirektøren tilrår at det vert gitt stimuleringstilskot til felles førstelineteneste i samsvar med tabellen under:

<b>Kommunar</b>	<b>Felles førstelineteneste</b>	<b>Stimuleringsstilskot</b>
Eid	Næringshagane i Nordfjord	70 000
Selje	Næringshagane i Nordfjord	70 000
Førde	Sunnfjord Utvikling AS	70 000
Gaular	Sunnfjord Utvikling AS	70 000
Jølster	Sunnfjord Utvikling AS	70 000
Naustdal	Sunnfjord Utvikling AS	70 000
Gulen	Gulen og Masfjorden Utvikling	70 000
Sogndal	Sogn Nærings AS	70 000
Leikanger	Sogn Nærings AS	70 000
<b>Totalt</b>		<b>630 000</b>

### **6.3 Tilskot til felles næringsfond**

Stimuleringsstilskot til felles næringsfond oppmodar kommunar om å slå saman dei kommunale næringsfonda. Ei slik samanslåing gjer at ein vil behandle søknadar likt uavhengig av kva kommune dei høyrer til så lenge dei er innanfor området til fondet.

To slike samarbeid vart avvikla i løpet av 2017. Tidligare har 1/3 av løyvingane til kommunane Eid, Selje og Vågsøy vore sett av på felles fond. Når Nordfjord Vekst AS vart avvikla vart fondet splitta. Kommunane Eid og Selje har for 2018 vedtatt at 1/3 av løyvinga deira skal settast av på felles fond. Etter at HAFS Utvikling AS vart avvikla vert det felles næringsfondet for kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund splitta og tilbakeført til den einskilde kommunen. Det er ikkje etablert nye felles fond i desse kommunane, og dei vil difor gå ut av ordninga.

Balestrand Kommune har søkt om stimuleringsstilskot til felles næringsfond for 2018 på bakgrunn av ein intensjonsavtale med Sogn Nærings. Då kommunen er i ein prosess mot samanslåing med Sogndal og Leikanger frå 2020 vert ikkje samarbeidet formelt ved at ein faktisk slår saman fonda. Balestrand Kommune peikar i søknaden på at deira strategiar har ein tydeleg regional profil og at det operative samarbeidet er i tråd med intensjonane bak stimuleringsstilskotet. Fylkesdirektøren ser positivt på at det oppretta slike samarbeid med eit regionalt innhald, men meiner at samarbeidet ikkje stettar dei formelle krava som ligg til grunn for å kunne få stimuleringsstilskot.

Fylkesdirektøren tilrår at det vert gitt stimuleringsstilskot til felles næringsfond i samsvar med tabellen under:

<b>Kommunar</b>	<b>Stimuleringsstilskot</b>
Eid *	23 333
Selje *	23 333
Førde	70 000
Gaular	70 000
Jølster	70 000
Naustdal	70 000
Sogndal	70 000
Leikanger	70 000
<b>Totalt</b>	<b>466 667</b>

\* 1/3 av løyvinga til kommunane Eid og Selje vert sett på felles fond. Dei får difor 1/3 av stimuleringsstilskotet

## **7. Fordeling av midlar 2018**

Fylkessdirektøren har i kap. 6 tilrådd at det vert tildelt stimuleringstilskot på kr. 1 096 667. Årets stimuleringstilskot utgjer 12 % av total ramme mot 23 % i 2017. Nedgangen skuldast både reduksjon i satsane for stimuleringstilskot og reduksjon i tal samarbeid.

Løyving til kommunale næringsfond 2018	9 510 000
- Stimuleringstilskot for felles førstelineteneste	630 000
- Stimuleringstilskot for felles næringsfond	466 667
<b>= Til fordeling til kommunar innanfor ordninga</b>	<b>8 413 333</b>

60 % til lik fordeling mellom kommunane	5 048 000
40 % til fordeling etter folketal	3 365 333

Når stimuleringstilskota er fordelt, vert 60 % av dei resterande midlane fordelt likt mellom kommunane som fell inn under ordninga, medan 40 % av dei resterande midlane vert fordelt på bakgrunn av folketal. Fordelinga etter kriteria vert då slik:

Kommune	Folketal*	60 % likt	40% etter folketal	Sum
Askvoll	3 052	265 684	120 481	386 165
Balestrand	1 269	265 684	50 095	315 779
Eid	6 128	265 684	241 909	507 593
Fjaler	2 849	265 684	112 467	378 151
Flora	11 998	265 684	473 634	739 318
Førde	13 109	265 684	517 492	783 176
Gaular	2 995	265 684	118 231	383 915
Gloppen	5 860	265 684	231 330	497 014
Gulen	2 349	265 684	92 729	358 413
Hornindal	1 186	265 684	46 819	312 503
Hyllestad	1 389	265 684	54 832	320 516
Jølster	3 032	265 684	119 691	385 376
Leikanger	2 349	265 684	92 729	358 413
Naustdal	2 827	265 684	111 599	377 283
Selje	2 787	265 684	110 020	375 704
Sogndal	8 047	265 684	317 664	583 348
Solund	801	265 684	31 620	297 305
Stryn	7 216	265 684	284 859	550 543
Vågsøy	6 007	265 684	237 133	502 817
<b>Totalt</b>	<b>85 250</b>	<b>5 048 000</b>	<b>3 365 333</b>	<b>8 413 333</b>

\* Folketal er etter SSB sit oversyn 3. kvartal 2017. Tala for 1.1.2018 er ikkje lagt fram når denne saka vert ferdigstilt.

## 8. Konklusjon/tilråding

### Kapitalgrenser

Balestrand kommune får midlar til kommunalt næringsfond for 2018 sjølv om dei er over grensa for inntekter frå konsesjonsavgift på 2 mill. kr. Grunnen er at kommunen er rett over grensa, og at sprangen opp til neste kommune er stort.

### Stimuleringsstilskot

Kvar av kommunane Eid, Selje, Førde, Gaular, Jølster, Naustdal, Gulen, Sogndal og Leikanger får stimuleringsstilskot på kr. 70 000 for felles førstelineteneste.

Kommunane Førde, Gaular, Jølster, Naustdal, Sogndal og Leikanger får kr. 70 000 i stimuleringsstilskot for felles næringsfond. Kommunane Eid og Selje får kr. 23 333 for felles næringsfond.

### Tildeling til kommunale næringsfond 2018

I samsvar med drøftingar i saka rår fylkesdirektøren at følgjande kommunar får tilskot til kommunale næringsfond for 2018.

Kommune	Folketal	Grunnløyving	Stimulerungstilskot - felles førsteline	Stimulerungstilskot - felles fond	Totalt tilskot 2018
Askvoll	3 052	386 165			386 165
Balestrand	1 269	315 779			315 779
Eid	6 128	507 593	70 000	23 333	600 927
Fjaler	2 849	378 151			378 151
Flora	11 998	739 318			739 318
Førde	13 109	783 176	70 000	70 000	923 176
Gaular	2 995	383 915	70 000	70 000	523 915
Gloppen	5 860	497 014			497 014
Gulen	2 349	358 413	70 000		428 413
Hornindal	1 186	312 503			312 503
Hyllestad	1 389	320 516			320 516
Jølster	3 032	385 376	70 000	70 000	525 376
Leikanger	2 349	358 413	70 000	70 000	498 413
Naustdal	2 827	377 283	70 000	70 000	517 283
Selje	2 787	375 704	70 000	23 333	469 037
Sogndal	8 047	583 348	70 000	70 000	723 348
Solund	801	297 305			297 305
Stryn	7 216	550 543			550 543
Vågsøy	6 007	502 817			502 817
<b>Totalt</b>	<b>85 250</b>	<b>8 413 333</b>	<b>630 000</b>	<b>466 667</b>	<b>9 510 000</b>

Flora, Gloppen, Leikanger og Sogndal må levere politisk handsama rapport før midlane kan betalast ut.

Midlane vert dekka av 9,510 mill. kr. avsett til kommunale næringsfond i budsjett 2018, tenesteområde 7015 – Nyskapning.